

MURITUNET

LUNGEREHABILITERING DØGNTILBOD

Tilbodet er gruppebasert med individuell tilrettelegging for vaksne pasientar med kronisk obstruktiv (inkludert astma) og restriktiv lungesjukdom. Vidare kan ein søkje inn pasientar med sequele etter sarcoidose, lungekreft, og bindevevssjukdommar.

Målet med opphaldet er å auke kunnskap om lungesjukdom og betre livskvalitet gjennom bevisstgjerjing og meistring kring eigen situasjon fysisk, psykisk og sosialt. Yrkesmessig deltaking vil stå sentralt der det er aktuelt. Ein ønskjer òg å førebyggje sjukehusinnlegging for denne pasientgruppa.

Lunge 1 – Hovudkurs: 4 veker på Muritunet med inntil 3 dagar ambulant oppfølging etter heimreise ved behov.

Lunge 2 – Re-opphald: inntil 4 veker på Muritunet.

Lunge 3 – Akutt lunge-opphald: 2-4 veker på Muritunet 1-2 veker etter utskrivning frå sjukehus.



Vårt tverrfaglege team består av lege, spesialist i fysikalsk medisin og rehabilitering, spesialist i indremedisin og lungesjukdomar, sjukepleiar, fysioterapeut med master i klinisk fysioterapi (hjerte og lunge), idrettspedagog, ergoterapeut med kompetanse på røykekutt og bachelor i ernæring. Arbeidskonsulent samt psykolog etter individuell vurdering. Fleire av fagpersonane har vidareutdanning innan kognitiv terapi og motiverande intervju. Muritunet har sjukepleiar på vakt 24-timar i døgnet.

Intervensjonen vil bestå av medisinsk kartlegging og testing i trygge omgjevnadar, rettleia fysisk trening i gruppe og individuelt samt undervising med bakgrunn i pedagogiske prinsipp for å fremje læring, meistring og auka fysisk og psykisk helse. Fokus i aktivitet er styrke, kondisjon og bevegelsesglede. Aktivitet og undervising vert lagt opp med tanke på overføringsverdi til heimesituasjonen. Samhandling med aktuelle aktørar vil vere sentralt.

Sjukehusavdeling kan søkje direkte til Muritunet. Fastlege eller avtalespesialist kan søkje via

Helse Nord-Trøndelag HF
RVE-Regional vurderingsenhet
Postboks 333
7601 Levanger

Ved ønske om ytterlegare informasjon om tilbodet ta kontakt med Teamleiar Sissel Skudal på telefon 70 25 83 93 eller Inntakskontoret ved Muritunet på telefon 70 25 84 00.